

**TUSSA**

Olje og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
OS 100225 - 27	
DATO 23 APR. 2008	
AN	EKSP.

TUSSA KRAFT AS

Langemyra 6, 6150 Ørsta
Telefon: 70 04 62 00
Telefaks: 70 04 62 01
E-post: firmapost@tussa.no
Internett: www.tussa.no
Bankkonto: 6562 05 11573
NO 916 929 641 MVA

Dykkar ref.:

Vår ref.:
ED/LTSak/dok.nr
08/00178-/2Arkivref.
019Dato:
22.04.2008

Fråsegn endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova

Vi syner til utkast til endringar av industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova. Vi har ikkje så mange konkrete kommentarar til utkastet, men vi vil likevel kome med nokre synspunkt.

Tussa Kraft er eigd av kommunar, og endringane som no er føreslegne opnar for at kommunane fullt ut kan halde fram som evigvarande eigarar av vassfall. Vidare er kommunane sine høve til eventuelt å selje seg ut av eigarskap i vassfall uendra. For dei kommunale eigarane våre, er dette mykje meir positivt enn ein del av framlegga som tidlegare har vore aktuelle.


Når det gjeld formuleringar i lovteksten, har vi ein kommentar til føremålsparagrafen i §1 første ledd som lyder:

"Landets vannkraftressurser skal tilhøre allmenheten og forvaltes til det felles beste. Dette skal sikres ved en eierstruktur basert på prinsippet om offentlig eierskap på statlig, fylkeskommunalt og kommunalt nivå."

Her blir det slege fast at vasskraftressursane skal tilhøyre "allmennheten". Dette kan innebere at vasskrafta blir sett på som allemannseige. Formuleringa kan altså medverke til at respekten frå ålmenta for eigarskapen til kraftverk generelt blir svekka. Vidare kan føremålsparagrafen bidra til å redusere verdien av den kommunale eigarskapen i framtida i høve til det staten står for: Dette fordi den einskilde kommunale eigar ikkje vil vere så representativ for heile "allmennheten" som det staten står for. Vidare sementerer denne formuleringa haldninga om at vasskraft er ein nasjonal ressurs. Sett frå ståstaden vår er vasskrafta i dei aller fleste tilfelle lokale og regionale ressursar som i stor grad har vorte utbygd og drive av kommunar.

Vi vil difor kome med innspel om at dei tre etter følgjande orda, "tilhøre allmennheten og" bli strokne i føremålsparagrafen.

Med vennleg helsing
TUSSA KRAFT AS


Elling/Dybdal
Adm.dir.